



Ove Stokka er ansvarleg for gjerdet og her kjem dei første stokkane på plass

Det skjer stadig nye og spennande ting rundt det utvida SPAR. I dag er det slått ned stokkar langsmed heile grensen mellom Rabben og den nye parkeringsplassen og det er første byggjesteget i ein naudsynt investering.

Her må det til eit skikkeleg gjerde for å hindra at folk tek snarvegen over privat grunn, slik dei har gjort i det siste. Meister for gjerdet vert ingen ringare enn Ove Stokka, som har laga ein kunstnarleg vri på mangt også i Uskedalen. Det gjeld til dømes også huset i bakgrunnen på dette biletet som står oppå den gamle kjellaren.

Ove sjølv er ikkje begeistra for ordet kunstnarleg i samband med det nye prosjektet ved Rabben, men det er grunn til å ha forventningar til utforminga. Men folk må smørja seg med tålmodigheit for gjerdet vil ikkje bli fullført før til hausten.
Vi tippar at det blir prega av fjellmotiv!

Til veka vil det også skje noko i delet mellom parkeringsplassen og

den kommunale egedomen. Inn- og utkøyrsel vart altfor trång og her vil Brødrene Musland gjennomføra ei utviding slik at trafikken blir smidigare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen